

**Uholdbar trafikksituasjon**

02.09.2011

**I samband med at kommunen planlegg utviding av vegen frå busslomma og ned mot skulen har Aktivitetshuset nokre innspel som dei vonar vil bli vurderte.**

**Bakgrunnen for innspela er ein uholdbar og trafikksituasjon på skuleplassen om kveldane**

Kvar kveld frå september til april går det føre seg trening for born og vaksne i huset og skuleplassen er då full av bilar. Treningane varar ein time og i skifta mellom dei ulike øktene er det stor trafikk og ungane vrirmlar innimellom det heile.

Vegen inn til skuleplassen er trpond, mørk og kronglete, med fleire tronge hjørne, basketstativ og andre hindringer og ein fryktar at det før eller seinare skal skje ei ulukke her.

Difor bed Aktivitetshuset om at ein no planlegg slik at skuleplassen kan stengjast for biltrafikk i det daglege. Det kan løysast ved at ein tek noko meir av jordet til parkeringsplass. Kombinert med eit gangfelt vil ein da ha lagt til rette for ein trygg veg til og frå aktivitetane i hallen.

Av Ola Matti Mathisen